

Olaf Agedal  
Ånund Brottveit

## **Norsk statsborgarseremoni – eit forslag**

DIAFORSK 2006/2

**Denne rapporten er utgitt av:**

Diakonhjemmet Høgskole  
Avdeling for forskning og utvikling (Diaforsk)  
Postboks 184, Vinderen  
N-0319 Oslo

<http://www.diakonhjemmet.no>

Rapport 2006:2  
ISBN 82-8048-055-2

Mangfoldiggjøring:  
Diakonhjemmet Høgskole ved Litteraturtjenesten.

## **Forord**

Denne rapporten er utarbeidd av DIAFORSK (Avdeling for forskning og utvikling ved Diakonhjemmet Høgskole) etter oppdrag frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet som også har finansiert prosjektet.

Ånund Brottveit og Olaf Aagedal er ansvarlege for rapporten. Forskar Anne Schanche Selbekk deltok i startfasen av prosjektet, men ikkje i rapportskriving på grunn av permisjon. Haakon Lorentzen har også delteke i prosjektgruppa og gjeve nyttige kommentarar på tekstutkast. Vi har også hatt nytte av kommentarar frå kontaktmøte med gruppene som arbeidar med forslag til lovnadstekst under seremonien, gåvebok og informasjonsmateriell til seremoniarrangørar. Vi vil også takke informantar frå minoritetsgrupper som har gjeve oss reaksjonar på vårt seremoniforslag.

Dette er ikkje eit forskingsprosjekt, men ei utgreiing der vi ut frå teoretisk kunnskap om symbol og ritual og empirisk kunnskap om liknande seremoniar i andre land, utviklar eit forslag til ein norsk statsborgarseremoni. Ein seremoni er ikkje noko ein berre kan konstruere ved eit skrivebord. Den må springe ut av eit ønskje om å formidle ein bodskap og utvikle seg over tid gjennom prøving og feiling. Vi vonar at denne rapporten kan innehalde konstruktive idear for å starte ein slik utviklingsprosess fram mot ein ny norsk fleirkulturell norsk tradisjon.

Oslo mars 2006

Ånund Brottveit

Olaf Aagedal



**INNHALD**

Forord.....	3
Norsk og engelsk samandrag.....	7
Norsk samandrag.....	7
English summary.....	9
1. Innleiing: Oppdraget og opplegget.....	11
1.1 Oppdraget.....	11
1.2 Opplegget.....	11
1.3 Terminologi med meir.....	12
2. Premiss og kriterium.....	13
2.1 Teoretiske premiss.....	13
2.2 Empiriske premiss.....	14
Informasjon om statsborgarseremoniar i andre land.....	14
Forsking om statsborgarseremonier.....	14
Forsking om andre relevante tema.....	15
2.3 Politiske/juridiske premiss.....	15
3. Tre hovudmodellar for statsborgarseremoni.....	17
3.1 Politisk/rettsleg statsborgarseremoni (modell A).....	17
3.2 Etnisk monokulturell seremoni (modell B).....	17
3.3 Politisk-fleirkulturell seremoni (modell C).....	18
3.4 Val av modell.....	19
4. Symbolbruk.....	21
4.1 Generelle vurderingar.....	21
4.2 Val av symbol.....	22
5. Fasar i seremonien.....	25
6. Førbuingsfasen.....	25
6.1 Val av tidspunkt.....	25
6.2 Val av stad.....	26
6.3 Lokalar.....	26
6.4 Invitasjonar.....	27
Kven skal inviterast?.....	27
Innhald og form på invitasjonen.....	28
7. Innleiingsfasen: (deltakarane kjem, venting og førebuing).....	29
8. Ritualisert fase (sjølve seremonien).....	31
8.1 Generelle omsyn.....	31
8.2 Aktørgruppene sitt inntog og plassering i lokalet.....	31

8.3 Velkomst til seremonien. Informasjon om seremonien .....	31
8.4 Tale.....	31
8.5 Gjennomføring av lovnadsritualet. Utdeling av statsborgarbevis og andre symbol og materiell.....	31
Konkret forslag:.....	32
8.6 Helsingar/gratulasjonar .....	32
8.7 Kunstnariske innslag .....	32
8.8 Prisutdeling av ”inkluderingspris” .....	33
8.9 Nasjonalsong .....	33
8.10 Avslutning .....	33
8.11 Varigheit.....	33
9. Etterfasen.....	35
10. Tilknytte seinare ritual og arrangement. ....	35
11. Aktørar og roller.....	37
11.1 Viktige omsyn .....	37
11.2 Kandidaten .....	37
11.3 Pårørande.....	38
11.4 Seremonimeisteren og seremonielle støttespelarar .....	38
11.5 ”Kaste-glans-over-aktørar” .....	38
11.6 Funksjonærar/tilretteleggarar .....	39
11.7 ”Forgjengar –aktørar” .....	39
11.8 Program-bidragstalarar (artistar, talarar osv) .....	39
12 Rekvisita og materiell.....	41
12.1 Kriterium .....	41
12.2 Minnebilde frå seremonien.....	41
12.3 Minnebevis for statsborgarskap .....	41
12.4 Nasjonale symbol-rekvisita .....	41
12.5 Informasjonsmateriell.....	41
12.6 Invitasjonar til seinare arrangement/ritual.....	42
13. Oppsummering og avsluttande kommentar.....	43
13.1 Oppdraget og forslaget .....	43
13.2 Utfordringar og problem ved innføring og gjennomføring av seremonien.....	43
13.3 Strategisk omsyn ved innføring av seremonien .....	46
LITTERATUR .....	47

## Norsk og engelsk samandrag

### Norsk samandrag

I samband med innføring av ny norsk lov om statsborgarskap hausten 2006 skal det innførast ein statsborgarseremoni. Seremonien skal arrangerast på fylkesnivå, vere friviljug, men innehalde ein lovnad for dei som vil delta. Denne rapporten er eit forslag til ein norsk statsborgarseremoni med drøfting av ulike alternativ. Rapporten er utarbeidd av DIAFORSK (Avdeling for forskning og utvikling ved Diakonhjemmet Høgskole) etter oppdrag frå Kommunal- og Regionaldepartementet/Arbeids- og Inkluderingsdepartementet.

Rapporten skisserer tre modellar for ein seremoni basert på ulike syn på statsborgarskap, innvandringspolitikk og målsetning for seremonien:

A-politisk/rettsleg modell som forstår statsborgarskap som ein kontrakt om rettar og plikter mellom staten og individ innanfor eit territorium.

B-etnisk/monokulturell modell som bygger på at nasjonalstaten er eit fellsskap basert på felles kultur og/eller etnisitet. Ein seremoni som bygger på denne modellen må formidle at skifte av statsborgarskap også må bety likedanning i forhold til denne felleskulturen.

C-politisk fleirkulturell modell som kombinerer politiske og kulturelle dimensjonar i forståing av statsborgarskap. Modellen vektlegg kontrakten og gjensidigheten av rettar og plikter i forholdet mellom individ og stat, men også at denne kontrakten blir inngått i ein norsk historisk og kulturell kontekst. Ein seremoni som bygger på denne modellen må formidle at skifte av statsborgarskap ikkje betyr likedanning med ein majoritetskultur, men ein invitasjon til å bygge eit norsk nasjonalt fellesskap prega av eit etnisk mangfald.

Vi har anbefalt modell C (politisk fleirkulturelt statsborgarskap). Ut frå denne forståinga av statsborgarskap bør ein seremoni:

- legge vekt på ein klassisk politisk og ein kulturell forståing av statsborgarskap
- gje symbolsk uttrykk for ein viktig overgang i livet på ein meningsfull måte
- stimulere til at eit nytt formelt statsborgarskap skal vidareførast til eit aktivt samfunnsmedlemskap
- bidra til å skape tilknytning og identitet i den ”nye nasjonen” samstundes som den verdset betydinga av ”sendarlandet” sin kultur og kontakten med denne
- inspirere nye statsborgarar til å aktivt vere med å prege den vidare utviklinga av norsk kultur og tradisjon
- gje kunnskap/kontaktar/materiell som kan vere nyttige for integrasjon i det norske samfunnet

For å realisere desse intensjonane har vi utfoma ein seremoni som både brukar offisielle nasjonalstatlege symbol (som flagg og nasjonalsang) og fleirkulturell symbolikk (tildømes gjennom kunstnarlege innslag under seremonien). For å gje seremonien større symbolsk tyngde foreslår vi å legge den til ein fast dag i året som blir ein ”medborgardag”, slik ein mellom anna har gjort det i Sverige. Seremonien blir lagt i forkant av den norske nasjonaldagsfeiringa (15. eller 16. mai) der invitasjon til deltaking i 17. mai-feiringa i bustadkommunen inngår som ein lokal integrasjonsrite i forlenginga av den regionale statsborgarseremonien. 17. mai skal formidlast som ei feiring av dei universelle verdiane i den norske grunnlova og den demokratiske tradisjonen i landet vårt.

Rapporten drøftar meir konkret:

- val av stad og lokaler for seremonien

- korleis ein bør invitere til seremonien
- innleiingsfasen der dei nye statsborgarane blir mottekne og blir informert om seremonien
- gjennomføringa av sjølve seremoniritualet med truskapslovnad og utdeling av gåvebok og ulike programinnslag (mellom anna utdeling av ”inkluderingspris”)
- etterfasen med eit uformelt samvær med eit måltid

Rapporten legg vekt på at opplevinga av ein seremoni vil bli prega av konkrete detaljar i sjølve gjennomføringa. Difor er det viktig at ein seremoni blir gjennomtenkt og planlagt i detalj. Samstundes er det viktig å ta omsyn til at ein seremoni av ulike mottakargrupper vil kunne bli oppfatta svært ulikt og at dette kan føre til formidling av utilsikta budskap. Det er derfor viktig at ein samlar erfaringar om korleis seremonien blir opplevd og brukar desse til å justere den og utvikle den vidare ut frå dei grunnleggande intensjonane.



## **English summary**

The new law on citizenship in Norway to be effected during autumn 2006 will include guidelines for a citizenship ceremony. The ceremony will be organised on county level, participation will be voluntary, but for those who choose to participate it will imply a pledge of allegiance. This report provides suggestions for a Norwegian citizenship ceremony with discussion of possible alternatives. The report is prepared by DIAFORSK (Department of research and development at Diakonhjemmet University College) on the basis of an assignment made by the Ministry of Labour and Social Inclusion.

The report outlines three models for a ceremony based on different views of citizenship, migration policy and the purpose of the ceremony.

A - political/legal model based on an understanding of citizenship as a contract regarding rights and duties of the state and the individual within a certain territory.

B – ethnic/mono-cultural model the basic idea being that the nation state is a community based on a common culture and/or ethnicity. A ceremony founded on this model should convey that a change of citizenship involves compliance with the values and norms of the common culture.

C – politically based multi-cultural model combining political and cultural dimensions in its approach to citizenship. The model emphasises the contract aspect and the mutual character of the relationship between individual and state with regard to rights and duties, and that the contract is entered into in a particular historical and cultural context. A ceremony founded on this model should convey that a change of citizenship does not necessarily involve a total compliance with the values and norms of the majority culture. It is rather an invitation to build a national community characterised by ethnic diversity.

Our recommended model is C (political multi cultural citizenship). From this understanding of citizenship a ceremony should

- emphasise a classical political and cultural understanding of citizenship
- provide a symbolic and meaningful expression of an important transition in life
- stimulate that the new citizenship status be carried on into active participation in society
- contribute to creating ties and an identity in the “new nation” while at the same time recognise the significance of the culture of and contacts with the country of origin
- inspire new citizens to contribute actively in forming and further developing Norwegian culture and traditions
- provide knowledge/contacts/information material that may be useful in the process of societal integration.

To help put these intentions into practice we have developed a ceremony using both official nation state symbols (flag and national anthem) and multi-cultural symbols (e.g. through artistic elements in the ceremony). To make the ceremony carry heavier weight we propose that it takes place on a certain, fixed day of the year, which becomes a “citizenship day”, as it has been done in Sweden. The ceremony should take place ahead of the National Day celebration (i.e. on the 15<sup>th</sup> or 16<sup>th</sup> of May) and the participants should be invited to participate in the National Day celebrations in their home communities as a local rite of integration and as an extension of the regional citizenship ceremony. The National Day celebrations should be conveyed as a celebration of the universal values inherent in the Norwegian constitution and the democratic traditions in our country.

More specifically the report discusses

- choice of place and premises for the ceremony
- how the invitation to participate in the ceremony should be made
- the introductory phase when the new citizens are received and informed about the ceremony
- how to carry out the ceremonial ritual including the pledge of allegiance, the presentation of a gift book and other programme elements (e.g. award a “price of inclusion”)
- the post ceremonial phase with an informal social gathering including a meal.

In the report importance is attached to the experience of the ceremony that it be marked by concrete details as it is carried out. Consequently it is important that the ceremony be thoroughly thought through and planned. At the same time it is important to take into consideration that the ceremony may be perceived differently by different receiver groups and that this diversity may occasion unintended messages to be received by the audiences. It is therefore of significance that experiences are collected as to how the ceremony is perceived, and that the experiences be used to modify and further develop the ceremony from its basic intentions.

## **1. Innleiing: Oppdraget og opplegget**

### **1.1 Oppdraget**

I samband med innføring av ny norsk lov om statsborgarskap i 2006, har Diaforsk (Avdeling for forskning og utvikling ved Diakonhjemmet Høgskole), fått som oppdrag å utarbeide ein rapport om ”utforming og gjennomføring av alternative statsborgerlige seremonier” (tilsagnsbrev 28.nov.2005). I avtalen heiter det mellom anna: ”Rapporten skal være konkret og anvendbar. Den skal vidare baseres på kunnskap og erfaringer fra andre land med statsborgerlige seremonier. I tillegg skal det vurderes hvilken betydning de ulike symbolene har og hvilke hensyn som bør vektlegges ved innføring og gjennomføring av statsborgerlige seremonier” (tilsagnsbrev 28.nov 2005).

Utarbeiding av denne rapporten er ein del av eit større prosjekt frå departementet når det gjeld arbeid med ein norsk statsborgarseremoni. Ei redaksjonsgruppe arbeider med innhaldet i den lovnaden som seremonien skal innehalde og med ei gåvebok til dei som deltek. Integrerings- og mangfoldsdirektoratet utarbeidar forslag til rettleiing for fylkesmennene om gjennomføring av seremonien. Under Diaforsk sitt arbeid med å utarbeide denne rapporten har det vore litt kontakt med desse andre delprosjekta, men vår rapport er avslutta utan at vi kjenner sluttresultatet av dei andre gruppene sitt arbeid. Vi har hatt som premiss at seremonien skal innehalde eit løfte og at dei som deltek skal få ei gåvebok og vi har kommentert på eit generelt plan kva funksjonar eit løfte og ei gåvebok vil kunne ha i ein slik seremoni utan å kjenne det konkrete innhaldet i desse elementa.

### **1.2 Opplegget**

Oppdraget om ”utforming og gjennomføring av alternative statsborgerlige sermonier” reiser mange prinsipielle spørsmål (syn på statsborgarskap, syn på seremonien sin funksjon osv). Samstundes ønskjer også departementet at rapporten skal vere ”konkret og anvendelig”. Tematisk tyder dette eit stort spenn av problemstillingar må handsamast innanfor ein relativt kortfatta rapport.

Vi er samde i at sjølve oppdraget sin karakter krev dette store spennet. Ein statsborgarseremoni dreier seg om formidling av komplekse og kontroversielle budskap og det er gjennom den konkrete utforminga av seremonien at budskapen blir innhaldsbestemt. Derfor er det vanskeleg å skilje mellom ”store spørsmål” og ”detaljar” i utforming og gjennomføring av ein seremoni. Dei store spørsmåla blir avhengige av konkrete detaljar. I rapporten må vi derfor drøfte både generelle og prinsipielle tema og konkrete detaljar. For å kunne gjennomføre dette har vi valt følgjande opplegg:

Innleiingsvis presenterer vi premiss og kriterium vi har lagt til grunn for utforming av forslaget og skissere så tre hovudmodellar basert på ulike syn på statsborgarskap og

målsetningar for ein seremoni. I den vidare meir konkrete drøftinga av opplegg og gjennomføring vil vi i hovudsak ta utgangspunkt i ein av modellane som vi finn mest relevant. Når dei gjeld drøftinga av dei einskilde elementa i seremonien, vil vi først drøfte generelle omsyn og deretter konkretisere desse i forhold til vår hovudmodell. I ein seremoni vil det kunne være "tusen detaljar" som blir bestemmande for korleis seremonien fungerer. Når det gjeld desse "tusen detaljane" vil vi gå fram eksemplifiserande; vi vil illustrere vår tankegang ved å vise konsekvensane på nokre utvalde område.

### **1.3 Terminologi med meir**

Vi brukar *seremoni* eller *statsborgarseremoni* som namn på heile fenomenet. Innanfor denne seremonien skil vi mellom ulike element. Nokre av desse som har tydelegaste karakter av symbolhandling omtaler vi som *ritualiserte element* (tildømes "lovnadshandlinga"). Dei som kjem for å delta i seremonien og gje ein lovnad, omtaler vi som "kandidatar". Dei som har hovudansvar for gjennomføring av dei rituelle handlingane omtaler vi som *seremonimeister* og *seremonielle aktørar*.

## 2 Premiss og kriterium

Vi skal innleiingsvis gjere kort greie for premiss og kriterium som ligg til grunn for vårt forslag om statsborgarseremoni. Vi vil skilje mellom *teoretiske, empiriske og politisk/juridiske premiss*.

### 2.1 Teoretiske premiss

*Teoretiske premiss* er teoriar og omgrep om symbol og ritualet som vi meiner er nyttig som bakgrunnspektiv for å forstå og konstruere ein seremoni. Med *seremoni* forstår vi her eit planlagt og standardisert mønster av symbolhandlingar. Alle handlingar kan seiast å ha ein symboldimensjon, men i det vi her omtaler som symbolhandling er den symbolske dimensjonen den primære. Symbolhandling blir ofte sett opp mot instrumentelle handlingar der den praktiske dimensjonen ved handlinga er viktigaste. Den formelle tildelinga av statsborgarskap kan avgrensast til ei reint instrumentell handling i forhold til offentlege register som de facto representerar endringar i ein borgar sine rettar og plikter. Sjølv sagt kan ei slik formell tildeling også ha symbolske dimensjoner, men dette er ikkje intendert eller vektlagt i handlinga. I departementet sitt forslag ligg det ei tenking om at den formelle delen av skifte av statsborgarskap (den instrumentelle endringa) har skjedd ved at statsborgarskapet faktisk er tildelt før seremonien. Det seremonielle er her tenkt som eit tillegg som skal understreke og tydeleggjere handlinga si menging og betyding.

Seremoniar talar til *opplevingar og kjensler*. Dei kan synleggjere og stadfeste ei endring/overgang kroppsleg og emosjonelt. Ein seremoni kan forståast som ei iscenesetjing av ei hending; ei dramatisering gjennom bruk av *tid, stad, aktørar, handlingar, gjenstandar, symbol*. "Dramatiseringa" bør uttrykke det/dei budskap som ligg i tildeling av statsborgarskap.

Symbol og ritual er opne og mangtydige. Her ligg både eit potensiale og eit problem. *Potensialet* er symbola si evne til å setje ord på og uttrykke svært varierende opplevingar og erfaringar på ein emosjonell verksam måte. Slik sett kan ein seremoni fungere samlande for personar med svært ulike utgangspunkt ved at dei gjennom sine personlege tolkingar og opplevingar plasserer seg sjølv inn i seremonien.

Samstundes vil det alltid vere eit komplekst forhold mellom intensjon – presentasjon – og resepsjon. *Problemet* kan vere at uintenderte assosiasjonar (konnotasjonar) som seremonien vekker, kan undergrave eller gjere utydeleg eit intendert budskap. Ein seremoni kan dermed formidle andre budskap enn dei intenderte og same seremoni kan også oppfattast ulikt av ulike mottakargrupper på ein måte som verkar splittande og oppløysande på det fellesskapet som deltek. Det kan ofte dreie seg om element som arrangøren oppfattar som detaljar. Men som før nemnt er det problematisk å skilje slik mellom store ting og detaljar i ein seremoni, seremonien er nettopp heilskapen. Visuelle element som t.d. klesdrakt, kroppsspråk osv kan formidle ordause budskap som overdøyver orda i seremonien.

Ein statsborgarseremoni kan oppfattast som eit *overgangsritual*. Det dreier seg om eit ritual som skal gje mening til eit formelt rolleskifte som har skjedd i form av skifte av statsborgarskap. Det inneber ein rolleovergang som markerer skifte av forventningar/plikter/rettar. Eit overgangsritual ritualiserar gjerne overgangen mellom skilde seremonielle fasar: *utskiljingsfase, liminal fase og innlemmingsfase*. Ein skal vise at ein forlet

noko før ein blir ført inn i noko nytt (eller tilbake til det gamle med ein ny identitet). Desse dimensjonane blir viktige å ha med når ein skal tenkje på kva handlingar, personar og symbol som skal inngå i seremonien. Dei fleste samfunn ritualiserar viktige overgangar i livet. Skifte av statsborgarskap vil dei fleste oppleve som ein viktig overgang. Frå eit teoretisk utgangspunkt er det derfor forståeleg at mange opplever at noko manglar når det berre skjer ein formell overgang utan at det nære fellesskapet ein lever i (vener, familie, lokalmiljø) og samfunnet rundt får del i det og stadfestar det.

## 2.2 Empiriske premisser

*Empiriske premisser* er her informasjon om tilsvarende seremoniar i andre land; forskning om haldningar til slike seremoniar og korleis dei blir opplevde, og empirisk forskning om andre symbol og ritual som kan ha betydning for ein statsborgarleg seremoni.

### Informasjon om statsborgarseremoniar i andre land

*Internasjonalt* er det ein varierende praksis når det gjeld bruk av seremoni og troskapslovnad (KRD–Ot.prp.nr 41 (2004-2005)). Danmark har ingen seremoni, men troskapslovnad som vilkår for tildeling av dansk statsborgarskap. Finland og Island praktiserer verken seremoni eller troskapslovnad, medan Sverige har ein tradisjon med ei årleg samkome for nye statsborgarar som blir arrangert av kommunane. Denne samkoma er friviljug både for kommunene og dei som har fått statsborgarskap, men blir tilrådd ført vidare og styrka i den nye svenske statsborgerlova fordi ein meiner at den vil vere viktig for integrasjon av nye statsborgere. I Australia blir det arrangert ein seremoni som formaliserar tildelinga av statsborgerskap og som krev ein truskapslovnad. Denne seremonien blir halden i tilknytning til offentlege arrangement. Canada, Storbritannia og USA har seremoni med troskapslovnad eller eid som føresetnad for tildeling av statsborgarskap.

### Forsking om statsborgarseremonier

Det fins, så langt vi har registrert svært lite forsking om statsborgarseremoniar. Vi har gjort litteratursøk og gjennomgått titlar ("citizenship", "multiculturalism") der ein kunne forvente at dette temaet vart handsama, utan å finne forsking som direkte går på dette temaet. Kontakt med forskarar som arbeider med statsborgarskap har forsterka inntrykket av at dette er eit lite utforska felt.

- Det viktigaste forskingsbidraget for utviklinga av vårt seremoniforslag har vore ein liten, men interessant svensk casestudie av medborgarseremonien i Stockholm i 2002 (Ulfstrand 2003). Denne studien gjer greie for bakgrunnen for den svenske medborgarseremonien og analyserar dekorasjonar, programutforming, talar og symbolbruk i ein konkret seremoni. Analysen drøftar særleg korleis svensk statsborgarskap blir framstilt og symbolisert i ein fleirkulturell kontekst.
- Når det gjeld data om norske haldningar til innføring av statsborgarleg seremoni ligg det føre eit *norsk survey-materiale*<sup>1</sup>. Spørsmålet om seremoni i denne surveyen er ikkje heilt treffande i forhold til forslaget fordi ein spør om seremoniar i kommunane:

---

<sup>1</sup> Integreringsbarometeret 2005- om befolkningens holdninger til integrerings- og mangfoldsspørsmål" IMDI rapport 2/2006 Integrerings- og mangfoldsdirektoratet. S.51 Diagram 45.

”Kommunene bør årlig gjennomføre seremonier der man ønsker innvandrere som har blitt norske statsborgere velkommen.”

### **Svarfordeling**

”Seremoni passer”:

- ikke i det hele tatt 22%
- ganske dårlig 32%
- ganske godt 28%
- helt 18%
- ubesvart 2%

### **Tendensar:**

- innvandrarak meir positive enn etniske nordmenn
- eldre meir positive enn yngre
- meir positive i Oslo og på Austlandet enn elles i landet

### **Kommentar:**

Svara viser at befolkning er delt i synet på seremoniar med eit knapt fleirtal på den negative sida. Surveyen fortel ikkje om kva ein er positive og negative til. Sidan spørsmålet inngår i ein større innvandringspolitisk survey, kunne det vere interessant med fleire kryss-kjøyringar for å finne meir ut av kven som er positive eller negative til seremonien, men det er ikkje gjort i denne rapporten. Vi har heller ikkje hatt tid og ressursar til å gjennomføre egne empiriske undersøkingar om befolkninga sitt syn på ein statsborgarleg seremoni. Det som har vore mogeleg innanfor vår ramme er nokre informantintervju med ulike representantar for utlendingar med fast opphald i Noreg som kjem med synspunkt på vårt forslag til statsborgarseremoni. Dette materialet blir presentert i den avsluttande drøftinga etter at vi har presentert seremonien.

### **Forsking om andre relevante tema**

Ut over forking som går direkte på statsborgarlege seremoniar, kan det også vere relevant å trekke inn forking om bruk av nasjonale symbol og ritual i fleirkulturelle samfunn. I denne samanheng vil vi særleg vise til forking som eg gjort ved vår eigen institusjon (DIAFORSK) om etniske minoritetar sitt forhold til majoritetsbefolkninga sine symbol og ritual i Noreg. Sentralt i denne samanheng står empiriske studiar av etniske minoritetar sitt forhold til den norske nasjonaldagsfeiringa som tyder på at denne har ein integrerande funksjon i forhold til etniske minoritetar (Kristoffersen 2000, Agedal 2003, Brottveit, Hovland og Agedal 2004). Dette kan mellom anna henge saman med at:

- feiringa går føre seg ute i det offentlege romet
- vert organisert gjennom barnehagar og skolar og dermed blir eit tilbod for alle born
- brukar offisielle nasjonalstatlege symbol som er lette å kjenne igjen
- er lite prega av religiøs symbolikk som kan vere ekskluderande
- utviklinga mot ein fleirkulturell nasjonaldagstradisjon er blitt ein medveten politikk

### **2.3 Politiske/juridiske premiss**

Juridiske og politiske premiss er dei føringar som er lagt på seremonien gjennom utforminga av statsborgarskapslova og rammer og målsetningar som er formulerte for sjølve seremonien.

Når det gjeld grunngevinga av, og målsetninga for, seremoni blir følgjande moment vektlagt:

”Departementet foreslår under punkt 4.5 at erverv av norsk statsborgerskap skal markeres på en høytidlig og verdig måte, slik at betydningen av nytt ”samfunnsmedlemskap” og tilknytning til Norge i større grad enn tidligere synleggjøres. Seremonien skal bidra til å styrke båndet mellom det norske samfunnet og nye borgere, og til at nye borgere føler seg velkomne. Å delta på seremonien skal være frivillig og således ikke et erhvervsvilkår, og det foreslås derfor ikke nedfelt i loven” (KRD-Ot.prp. nr 41, kap 3.5.4 (2004-2005)).

Forhistoria til statsborgarlova viser at det har vore delte og truleg ambivalente haldningar til forslaget om å gjere ein lovnad til ein del av seremonien. Dette er ikkje ein del av departementet sitt opphavlege forslag, men teke inn i det endelege forslaget etter høyringsrundene. I grunngjevinga legg ein vekt på at ein truskapslovnad ”kan få frem gjensidighetsforholdet mellom staten og borgeren som får statsborgerskap etter søknad. Staten gir statsborgerskap, den nye borgeren lover til gjengjeld å være lojal. Dermed vil også høytideligheten under seremonien bli styrket ” (KRD-Ot.prp. nr 41, kap 4.5.6 (2004-2005)). (Ansvaret for seremonien blir plassert på Fylkesmannen, ein tilrår gjennomføring to gonger i året (eller ein). Ein foreslår ”romslighet” i forhold til kven som blir inviterte (for eksempel ingen aldersgrense) og at familie og vener blir invitert med i seremonien.

Ut frå teksten til forslaget kan vi lese følgjande *uttalte krav* til seremonien:

- friviljug seremoni
- skal for dei som deltek innehalde ein lovnad
- skal gjennomførast på regionsnivå av fylkesmann
- arrangerast inntil 2 gonger i året
- gjennomførast innanfor eit avgrensa kostnadsnivå (ca 500.000)

Når det gjeld andre premiss i lovforslaget som er relevante for utforming av seremonien vil vi særleg peike på følgjande:

- seremonien bør formidle sentrale verdiar i statsborgarskapslova
- avspegle ein innvandringspolitikk med integrering og mangfald som sentrale verdiar
- politisk, ikkje etnisk forståing av statsborgarskap
- ikkje verke religiøst ekskluderande
- har utelukking av dobbelt statsborgarskap som premiss



### 3 Tre hovudmodellar for statsborgarseremoni

I følgje oppdraget skal vi skissere alternative opplegg for ein statsborgarseremoni. Vi presenterer tre ulike modellar for seremoni basert på ulike oppfatningar av statsborgarskap og ulike målsetningar for innvandringspolitikk. Til slutt i dette kapittelet vil vi drøfte desse modellane i forhold til dei premissa vi tidlegare har skissert for seremonien og velje ut ein modell som vi vil legge til grunn for den vidare konkretiseringa av seremonien.

#### 3.1 Politisk/rechtsleg statsborgarseremoni (modell A)

Denne modellen bygger på det som er blitt omtalt som ei tradisjonell eller klassisk forståing av statsborgarskap (Lorentzen 2004:1000). I denne forståinga kan forholdet mellom einskildindividet og staten oppfattast som ein kontrakt om individuelle rettar og plikter. Ein kan for eksempel skilje mellom tre former for rettar og plikter, og ut frå dette tre former for statsborgarskap/medborgarskap (Omgrepa "statsborgarskap" og "medborgarskap" blir brukt på varierende måte i faglitteraturen. I nokre samanhengar blir dei brukt nærast om kvarandre, i andre samanhengar med ulik tyding tildømes i retning av at medborgarskap blir uttrykk for eit "vidare" samfunnsmedlemskap). Dei tre formene det her er tale om er:

- det liberale medborgarskapet (staten si sikring av liberale fridomar)
- det demokratiske medborgarskapet (sikring av demokratiske rettar gjennom oppbygging av politiske institusjonar)
- det sosiale medborgarskapet (sikring av sosial velferd gjennom økonomiske støtteordningar og sosiale tenester) (Marshall 1981).

Dette synet på statsborgarskap er individualistisk og universalistisk i tankegangen. Det går saman med eit syn på nasjonen og nasjonal identitet som ofte blir omtalt som den franske "demos-tradisjonen" som ser på nasjonen primært som eit politisk konstruert fellesskap bygd på ideen om den einskilde borgaren sine rettar og plikter innanfor dette fellesskapet (Østerud 1994).

Ein statsborgarseremoni som bygger på dette synet vil:

- legge vekt på betydinga av allmenne/universelle trekk ved statsborgarskapet og skifte av statsborgarskap
- i prinsippet kunne ha ei nokså lik utforming i alle liberale demokrati
- legge vekt på verdiar som blir forstått som allmenne/universelle (t.d. menneskeretts-tenkjing, demokratiske prinsipp)
- avvise (eller legge lite vekt på) etniske eller kulturelle føresetnader for statsborgarskap og skifte av statsborgarskap

#### 3.2 Etnisk monokulturell seremoni (modell B)

Denne modellen er forankra i eit syn på statsborgarskap som ofte blir tilbakeført til ein tysk "ethnos-tradisjon" der nasjonalstaten er eit fellesskap basert på felles etnisitet og kultur (Østerud 1994, Brottveit/Hovland/Agedal 2004). "Reelt statsborgarskap" må bygge på ein felles identitet basert på felles opphav og/eller felles førestellingar og normer. Skifte av statsborgarskap blir ut frå denne forståinga komplisert og krevjande. Skal det bli reelt og noko meir enn ein formalitet må det ha som føresetnad likedanning med det nye

fellesskapet ein blir del av. Det betyr læring og internalisering av nye normer og førestellingar som må erstatte tidlegare moral og kunnskap.

Ut frå denne forståinga av nasjonalstat og statsborgarskap blir ein statsborgarseremoni:

- primært å forstå som eit middel for å skape identitet og lojalitet
- den etablerte nasjonale kulturen i ”mottakarlandet” blir symbol- og verdigrunnlaget
- verdiar og normer frå ”sendar-landa” bør ikkje framhevast i seremonien
- lovnadshandlinga må understreke forventningar om lojalitet

### **3.3 Politisk-fleirkulturell seremoni (modell C)**

Denne modellen bygger på ein kritikk av den klassiske statsborgarskapsmodellen (og demotradisjonen) som utilstrekkeleg. Førestellinga om medborgarskapet som ein individuell kontrakt mellom den einskilde og staten blir kontekstlaus og kan føre til det Habermas har omtalt som *medborgarleg privatisme* (Habermas 1994). Den klassiske modellen byggjer på uutalte føresetnader av kollektiv art (m.a. deltaking i og oppleving av tilknytning til sosiale og kulturelle fellesskap). Lorentzen illustrere dette poenget i forhold til føresetnader for demokrati: ”Rettigheter og formelle strukturer er nødvendige, men ikke tilstrekkelige forutsetninger for et velfungerende demokrati. Forut for valgførd og demokratiske beslutninger går den kommunikative samhandlingen mellom deltakere og medlemmer” (Lorentzen 2004:123). Ut frå ei slik forståing blir felles språk, som er sentralt som assimileringsskrav innanfor ein etnos-tradisjon, også viktig som føresetnad for å realisere eit demokratisk medborgarskap i den klassiske modellen. Ein annan kritikk som er reist mot den klassiske modellen er at den i tillegg til dei tre medborgarskapsdimensjonane også må legge til kulturelle rettar (kulturelle vilkår for sjølvrealisering krev at staten t.d. tek ansvar for minoritetsgrupper si opplæring i morsmål og vedlikehald av kontakt med kulturelle/etniske røter) (Lorentzen 2004:100).

Modell C vil i likskap med modell B ta omsyn til den kulturelle dimensjonen, men på ulik måte. I modell B er tilpassing til majoritetskulturen ein føresetnad for statsborgarskap med assimilasjon som mål. Modell C legg til grunn eit meir dynamisk og prosess-styrt kultursyn med integrasjon som mål.

Ut frå denne forståinga av statsborgarskap vil ein seremoni:

- både legge vekt på ein klassisk politisk og ein kulturell basert forståing av statsborgarskap
- vere viktig for at nytt formelt statsborgarskap skal vidareførast til reelt samfunnsmedlemskap/engasjement
- skulle bidra til å skape tilknytning og identitet i den ”nye nasjonen” samstundes som den verdset betydinga av ”sendarlandet” sin kultur og kontakten med denne
- inspirere nye statsborgarar til å aktivt vere med å prege den vidare utviklinga av norsk kultur og tradisjon
- gje kunnskap/kontaktar/materiell som kan vere nyttige for integrasjon i det norske samfunnet

### 3.4 Val av modell

Korleis skal vi vurdere dei alternative modellane som er skissert i forhold til dei premissa som vi skissert for utforming av norsk statsborgarseremoni?

*Den etnisk monokulturelle seremonimodellen (B)* vurderer vi som uaktuell ut frå tankegangen i lovforslaget og grunnleggande verdiar i norsk mangfalds- og inkluderingspolitikk. Denne modellen avspeglar ei syn på statsborgarskap og innvandringspolitikk der assimilering og disiplinering i forhold til majoritetskulturen er eit overordna prinsipp.

Den politisk/rettslege modellen (A) kan vere aktuell fordi den vektlegg kontrakten om rettar og plikter i forholdet mellom individ og stat som er sentralt i norsk lovgjeving og politikk. Denne modellen er også truleg lite kontroversiell fordi den har forankring i allment aksepterte verdiar (som menneskerettar, demokrati) og ikkje fokuserer på spørsmål om norsk nasjonal identitet og forholdet mellom denne og kandidatane sin etniske og kulturelle bakgrunn. Problemet kan vere at den i liten grad tek omsyn til integrasjons-målsetningar for seremonien og at ein "klassisk universell seremoni" for skifte av statsborgarskap kan mangle eit symbolspråk for det som mange også opplever at overgangen dreier seg om: "å bli norsk".

Ut frå desse vurderingane meiner vi at ein *politisk fleirkulturell seremoni* (Modell C) er den som best tek vare på intensjonane bak forslaget om seremoni. I departementet sine grunngevingar for seremonien ligg det forventningar om at den skal bidra til at det formelle skifte av statsborgarskap skal også bli eit reelt "samfunnsmedlemskap" i det norske samfunnet.

Ein politisk fleirkulturell seremoni er ein seremoni som både skal uttrykke:

- at det dreier seg om ein avtale mellom "kandidaten" og ein ny stat
- og at dette også er ein invitasjon til og ei forventning om deltaking i eit samfunn med ein tradisjon og historie ein må relatere seg til
- at dette skal vere ein tradisjon og kultur prega av mangfald
- at nye statsborgarar blir invitert med til å prege denne tradisjonen vidare



## 4. Symbolbruk

### 4.1 Generelle vurderingar

Medvete val og bruk av symbol er ein viktig måte å profilere ein seremoni på. Dette reiser spørsmål om kva som er relevante symbol, om ulike syn på desse og kva verdiar dei kommuniserer. I dette kapitlet skal vi drøfte desse spørsmåla nærare. Vi vil utdjupe skilnadane mellom våre alternativ ved å sjå på kva symbolbruk som kan vere eigna innanfor dei ulike seremonimodellane.

Det kan vere ulike måtar å klassifisere symbol på, tildømes:

- ut frå kva sosialt system dei referer til (f.eks. stat, nasjon, region, lokalsamfunn)
- formell status (offisielle eller uoffisielle)
- representasjonsmåte (opne eller løynde)

Ettersom ein statsborgarseremoni er ein offisiell statleg seremoni er det særleg aktuelt å drøfte val og bruk av *offisielle nasjonalstatlege symbol* som flagg (og nasjonale fargar), nasjonalsong, nasjonaldag osv. Det har ofte vore vanleg å oppfatte desse innanfor ein etnisk/kulturell tradisjon som inkluderande for personar med etnisk/kulturell tilknytning til ein nasjonalstat og ekskluderande i forhold til dei som manglar ei slik tilknytning. Ut frå ein slik tankegang vil bruk av slike symbol passe best inn i ein etno/kulturell assimilerings-seremoni (modell B).

Men det er også teoretiske og empiriske argument for å forstå offisielle nasjonalstatlege symbol på ein annan måte. Eit nasjonalflagg kan oppfattast som ein del av ein internasjonal ”symbolgramatikk” som gjer det forståeleg og emosjonelt kommuniserande for personar med ulik nasjonalstatleg bakgrunn (Løfgren 1993). Empirisk forskning av innvandrars sitt forhold til offisielle nasjonalstatlege symbol, tyder på at desse under visse omstende kan formidle meining som gjer det mogeleg for etniske minoritetar å kommunisere i forhold til ein norsk nasjonal symboltradisjon (Brottveit, Hovland og Agedal 2004). Dette kan i neste omgang skape grunnlag for kulturell og sosial integrasjon. Eit viktig perspektiv i denne samanheng er at symbol også er opne og kan endrast få ny meining gjennom brukskontekst og historisk utvikling. Det betyr at nye grupper som tek eit symbol i bruk gjennom denne bruken kan gje symbolet eit nytt meiningsinnhald. Ut frå ei slik forståing kan bruk av nasjonalstatlege symbol også vere akseptable og relevante ut frå ein politisk/rettsleg statsborgar-tradisjon (A) og ein politisk-fleirkulturell modell (C). Etablering av ein statsborgarseremoni og bruk av nasjonalstatlege symbol i denne, kan i seg sjølv vere eit verkemiddel i retning av å gje desse symbol eit endra meiningsinnhald (jamfør den svenske koplinga av medborgarseremoni til etablering av ein svensk nasjonaldagstradisjon).

Desse perspektiva på nasjonalstatlege symbol er særleg interessante i ein norsk kontekst. Historikarar har påpeikt at i norsk historie er det blitt ei særleg tett kopling mellom nasjonal identitet og dei offisielle nasjonalstatlege symbola (samanlikna tildømes med Sverige og Danmark) (Ange 1999). Det tyder at offisielle norske symbol som flagg og nasjonaldag er godt egna til å uttrykke også folkelege kjensler og opplevingar av ei tilhøyrse til det norske samfunnet. Det historiske samanfallet mellom nasjonsbygging og demokratisering i norsk historie gjer også at desse symbola blir tettare knytte til ein politisk/rettsleg forståing av nasjonal identitet (demos-tradisjonen) enn i mange andre land og har ein høgare demokratisk legitimitet. Historikar Odd Arvid Storsveen har samanlikna den danske og norske nasjonalstatstradisjonen og påpeikt at den norske truleg er enklare å forhalde seg til for

innvandrara enn dei meir subtile og indirekte uttrykka for "danskhet" (Storsveen 2004). Lena Lindgren viser til Storsveen i ein artikkel i Morgenbladet der ho fortolkar skilnader mellom dansk og norsk integrasjonspolitik i tilknytning til striden om teikningane av profeten Muhammed:

"I Norge, motkulturenes land, ble altså politikken og konstitusjonen i større grad et nasjonalt fundament, skriver Storsveen, og påpeker at det nok er lettere for innvandrere å bli integrert når du skal inni en statsborgerlig identitet av den norske typen. Kravene er færre og mer "offisielle" – ergo mer forståelige og overkommelige. Når jurist Abid Raja denne uken sa i "Redaksjon I" at han holder det norske flagget (et offisielt symbol) kjært, og synest det er vondt å se det brenne i Gaza, er han norsk nok i massevis" (Lena Lindgren, Morgenbladet nr.5 2006).

Ein statsborgarseremoni utan symbol på dette statsfellesskapet vil vere ei sjølvmotseiing. Poenget må vere at det samla inntrykket og dei verbale budskapa ikkje skal setje likskapsteikn mellom desse symbola og ei homogen etnisk gruppe. Dei som er mest kjenslevare for nasjonalstatlege symbol, vil nok ikkje oppsøke ein slik seremoni uansett. Dei som gjer det, gjer det nettopp fordi dei ønskjer ei symbolsk markering knytt til det norske fellesskapet, utover dei formelle sidene.

## **4.2 Val av symbol**

Ved utforminga av ein statsborgarseremoni kan ulike typar av symbol vere relevante for å formidle budskapen i seremonien. Symbola kan ha ulike funksjonar i samband med ein seremoni. Dei kan brukast for å prege lokalet og deltakarane, brukast under sjølve den seremonielle handlinga osv.

Typar av symbol som kan vere aktuelle kan mellom anna vere:

- offisielle norske nasjonalstatlege symbol (f.eks. flagg, nasjonalsong)
- uoffisielle/løynde norske symbol (arkitektur, mat, musikk etc.)
- lokale og regionale symbol (for eksempel byvåpen, kommunevåpen)
- fleirkulturell symbolikk/symbolske "hybridar" (for eksempel mangfald av ulike nasjonale symbol, eller symbolske syntesar (hybridar) av uttrykk frå ulike kulturar tildømes gjennom musikk eller dans)
- humanistiske symbol (til dømes symbolske referansar til menneskerettar, ytringsfridom osv)
- symbol knytte til stat og statsborgarskap (borgarbrev, truskapslovnader)

Når det gjeld val av symbol til seremonien vil dette mellom anna vere avhengig av kva syn på statsborgarskap som ligg til grunn og kva målsetningar ein har for seremonien. For å synleggjere denne samanhengen (som også er ein del av det departementet etterspør) vil vi gå tilbake til våre hovudmodellar og gjennom eit skjema peike på det vi ser på som naturlege samanhengar mellom seremonimodell og symbolbruk.

<b>FORSTÅING AV STATSBORGARSKAP: Val av symbol:</b>	<b>A ”Politisk”</b>	<b>B ”Kulturell”</b>	<b>C ”Politisk/kulturell”</b>
<b>offisielle norske nasjonalstatlege symbol (flagg, nasjongsong etc.)</b>	- ?	+	+
<b>uoffisielle/skjulte norske symbol (arkitektur, mat, musikk etc.)</b>	- ?	+	+ ?
<b>lokale/regionale symbol (byvåpen, kommunevåpen etc.)</b>	+ ?	+	+
<b>fleirkulturell symbolikk /symbolske ”hybridar”</b>	+ ?	-	+
<b>humanistiske symbol</b>	+	- ?	+
<b>symbol knytte til stat og statsborgarskap (borgarbrev, lovnad/avtale)</b>	+	+	+

+ : symbolet passar og er viktige i seremonien

- : symbolet passar ikkje inn i seremonien

? : symbolet er diskutabelt i forhold til seremonien

#### **Kommentarar til modell og symbolbruk:**

Slik det går fram av vårt skjema vil alle symbolkategoriane vere relevante innanfor den hovudmodellen vi har valt for seremonien (modell C politisk/fleirkulturell). Særleg blir det viktig at nasjonalstatlege symbol inngår i eit samspel med ein fleirkulturell symbolikk.

Innanfor den politisk/rechtslege modellen som legg vekt på å framstille statsborgarskap som eit uttrykk for universelle verdiar vil ein legge hovudvekt på humanistiske symbol og symbol knytte til sjølve statsborgarskaps-kontrakten. Ein vil vere skeptisk til å bruke symbol som fungerer kulturelt innsnevrande i forhold til dette, til dømes offisielle eller uoffisielle norske symbol. Offisielle og uoffisielle symbol for den norske majoritetskulturen blir derimot dei bærande symbola i den etnisk kulturelle seremonimodellen (modell B). Fleirkulturell symbolikk eller ”hybridisert” symbolbruk blir upassande i denne modellen fordi dei står i motsetning til budskapen i ein ”assimileringsseremoni”.





## 5. Fasar i seremonien

I den vidare drøftinga har vi valt å skilje mellom ulike fasar i seremonien. Som før nemnt meiner vi med "seremoni" alle elementa i fenomenet frå førebuingar til avslutning og "etterarrangement". Når vi vel eit så vidt perspektiv og skil mellom ulike fasar innanfor dette, er det mellom anna fordi vi meiner at det er viktig å ha ei heilskapeleg og prosessuell tilnærming til statsborgarseremonien der det som skjer under lovnadshandlinga og den mest ritualiserte fasen får meining også gjennom det som har skjedd før og det som skjer etterpå. Dei ulike fasane har ulike oppgåver og roller for dei ulike aktørane og kan også vere prega av ulike emosjonelle klima som det er viktig å ta omsyn til ved planlegginga av ein statsborgarseremoni.

Vi har valt å skilje mellom følgjande fasar:

- førebuingssfasen (tilrettelegging av arrangementet, invitasjon av deltakarar osv)
- innleiingsfasen (mottaking og førebuing til den seremonielle handlinga)
- rituell fase (lovnadshandlinga, sjølv den seremonielle handlinga)
- etterfasen (samling etter hovudseremonien)
- andre tilknytte ritual/arrangement (andre/seinare arrangement for dei som har deltek i seremonien)

## 6 Førebuingssfasen

### 6.1 Val av tidspunkt

Når det gjeld spørsmålet om når og kor ofte ein statsborgarleg seremoni bør arrangerast vil fleire omsyn kunne vere relevante. Det kan tildømes dreie seg om:

- talet på "kandidatar" (nye statsborgarar)
- betydning av tidsrom mellom formelt statsborgarskap og seremoni
- spørsmålet om ein fast dag/dagar i året, eller varierende dagar
- tilknytning til annan merkedag

Departementet legg m.a. vekt på vårt andre kriterium og meiner at seremonien bør arrangerast to gonger i året for at det ikkje skal gå for lang tid frå innvilga statsborgarskap til seremoni.

#### Vår vurdering:

Vi legg vekt på seremonien sin "symbolske tyngde" blir påverka av val av tidspunkt og at denne blir større ved å legge den til ein fast dag i året som blir ein "velkomstdag" for nye statsborgarar (enn ved å arrangere på eit vilkårleg tidspunkt når ein har samla opp mange nok kandidatar). Vi meiner også at den seremonielle meininga blir prega av tilknytning av seremonidagen til andre merkedagar i året. Vi meiner at desse omsyna er så viktige at dei bør vege tyngre enn omsynet til nærhet til formell tildeling av statsborgarskap eller praktisk/økonomiske omsyn.

Når det gjeld tilknytning til andre merkedagar i året vil det ut frå seremonien sitt innhald ikkje vere aktuelt å knyte den til religiøse høgtidsdagar. Alternativet må heller vere nasjonale eller internasjonale merkedagar. Dette valet vil igjen vere avhengig av hovudmodell for seremonien. Ut frå ein politisk rettsleg modell vil det kunne vere naturleg å velje ein

internasjonal merkedag som tildømes FN-dagen; ein etno-monokulturell modell vil velje ein nasjonal merkedag. Innanfor vår politisk-fleirkulturelle modell vil det vere naturleg å velje ein dag som både har eit nasjonalt og fleirnasjonalt/kulturelt preg. Vi meiner at den norske nasjonaldagstradisjonen i dag har denne doble dimensjonen i seg og foreslår derfor at den norske statsborgarseremonien blir arrangert på ein fast dag i tilknytning til nasjonaldagsfeiringa (for eksempel 15.ei.16.mai). Vi vil seinare kome tilbake til ein nærare grunngjeving av dette og ei konkretisering av korleis vi tenkjer oss dette skal tilretteleggast.

## 6.2 Val av stad

I val av stad for avvikling av seremonien kan ein ta omsyn til ulike kriterium:

- praktisk/administrative
- symbolske
- sosiale

Praktiseringa av ordningar krev *tid og pengar* (reiseavstand, kostnad pr seremoni). Her vil ulike omsyn kunne dra i ulike retningar. På den eine sida vil det kunne vere ressursparande å ikkje ha for mange seremonistader, men på den andre sida vil dette auke reiseavstand og reisekostnader for deltakarane som igjen kan svekke oppslutninga om seremonien.

Staden kan også ha *symbolsk betyding* for seremonien si meining (symbolisere/representere staten og nasjonen). Nokre stader har på grunn av sin historie sterk ”symbolsk lading” som vil kunne påverke opplevinga av seremonien.

Staden kan også vurderast i forhold til *sosial integrasjon* (f.eks. lokalsamfunnstilknytning). Dersom ei av målsetningane til seremonien er at den skal vere ei velkomsthending som bidreg til sosial integrasjon og sosial deltaking, er det ønskjeleg at seremonien har ei tilknytning til kandidaten sitt lokalsamfunn.

### Vår vurdering:

Kriteria kan dra i ulike retningar. Det kan vere nødvendig å leite etter kombinerte eller kompensatoriske løysingar. Lovforslaget inneber at seremoniane skal arrangerast på fylkesnivå. Den statlege symbolikken, knytt til at dette er ein statsborgarseremoni, kan forsterkast gjennom nasjonale aktørar og symbol (tildømes deltaking av stortingrepresentantar og bruk av nasjonalstatlege symbol). Den lokale integrasjonen kan tildømes styrkast gjennom tilleggsarrangement på lokalsamfunnsnivå.

### Vårt forslag til stad:

Seremonien blir arrangert på fylke/regionsnivå med vekt på statleg/nasjonal symbolikk. ”Kandidatane” får ein spesialinvitasjon til 17.maifeiringa i bustadkommunen som er tenkt som ei sosial oppfølgjande integrasjonsrite.

## 6.3 Lokalar

Eigna lokalar er viktige for gjennomføring av ein vellukka seremoni. Også her vil ulike omsyn gjere seg gjeldande:

- Lokalet si ”symbolske utstråling”: det er ønskjeleg om lokalet kommunisere sentrale verdiar i seremonien (tildømes eit offentleg representasjonslokale som kommuniserer at dette er ein

seremoni på vegne av den norske staten). Det er også viktig at den ”symbolske utstrålinga” ikkje inneheld ekskluderande symbolikk i forhold til ritualet sin budskap (dette vil tildømes utelukke religiøse forsamlingslokaler)

- Lokalet sine tekniske og seremonielle eigenskapar. Her tenkjer vi på slike forhold som lokalet sin storleik og utforming. Er det passe stort i forhold til talet på deltakarar? Har det ei utforming (tildømes med eit podium) som gjer det eigna til å gjennomføre ei seremoniell handling som alle kan bli delaktige i? Fins det tilstøytande rom som eignar seg for ei mottaking før og ei samling etter seremonien?

#### **Vår vurdering:**

Idealet er eit lokale som kombinerer ”symbolsk utstråling” med gode teknisk/seremonielle føresetnader. Men dersom dei teknisk/seremonielle føresetnader er tilstades, kan eit ”nøytralt” forsamlingslokale relativt lett utstyrt med symbolikk som gjer det eigna.

#### **Forslag:**

Rådhus/kulturhus eller historisk representasjonslokale med teknisk-sermonielt potensiale

## **6.4 Invitasjonar**

### **Kven skal inviterast?**

Seremonien skal vere eit friviljug tilbod til nye statsborgarar. Invitasjonen skal primært gå til dei som er tildelt norsk statsborgarskap i løpet av siste året, men det bør også vere opning for at personar som har fått statsborgarskap tidlegare, men no ønskjer seremoni, kan få delta (dette gjeld spesielt i startfasen for personar som har fått statsborgarskap før ordninga trådde i kraft, men også seinare overfor personar som av ulike grunnar ikkje kunne eller ville delta det året ein fekk statsborgarskapet). Departementet meiner ein bør vere ”romslig med hvem som inviteres” (KRD – Ot.prp.nr 41 (2004-2005): 31). I vurdering av eventuell aldersgrense må ein ta omsyn til at seremonien inneheld ein lovnad. I forhold til kven som skal gje ein slik lovnad blir det rimeleg å setje ei aldersgrense i forhold til korleis samfunnet elles vurderer ”samtykke-kompetanse”. Her vil det avhengig av område vere varierende aldersgrenser innanfor aldersintervallet 12-18 år og vi går ikkje nærare inn på ei drøfting av kva aldersgrense som her vil vere mest naturleg. Slik vi forstår departementet sitt forslag vil det også vere mogeleg for barn å delta på andre føresetnader. Ettersom sjølve lovnaden er av symbolsk karakter og ikkje har juridiske eller praktiske konsekvensar, kan ein tenkje seg at born kan delta ”gjennom” foreldra sin lovnad. Det kan også vere opning for at personar under ein viss alder kan delta i seremonien saman med pårørande utan å gje lovnad.

Så langt har vi drøfta kven som skal inviterast som ”kandidatar”. Departementet ønskjer også at pårørande skal kunne delta i arrangementet. Dette er viktig for å ivareta seremonien sin funksjon når det gjeld å stadfeste rolleovergangen i forhold til kandidaten sine ”viktige andre”. Det må vere opp til kandidatane å vurdere kven dette skal vere. I forhold til storleiken på lokalet og avviking av arrangementet må ein vurdere om det er ønskjeleg eller naudsynt å setje ei grense når det gjeld talet på pårørande. I alle høve er det naudsynt i samband med kandidaten sitt svar på invitasjonen å få vite kor mange som kjem.

Invitasjonane på førehand gjeld kandidatane og deira pårørande. Elles meiner vi det er ønskjeleg at sjølve seremonien er eit offentleg ope, arrangement der alle kan delta så langt plassen tillet det.

### **Innhald og form på invitasjonen**

Som grunnlag for utsending av invitasjonar må det ligge føre oversikter over kven som i løp av siste året innanfor regionen/fylket er blitt tildelt norsk statsborgarskap (praktiske og administrative spørsmål knytte til dette går vi ikkje inn på). Innhaldet i og utforminga av informasjonsbrevet bør:

- gje ein kortfatta informasjon om kva ein statsborgar seremoni er og kva den inneber
- formidle at ein verdset at kandidaten har valt norsk statsborgarskap og at dette er ei ”velkomen-handling” frå den norske staten si side
- programmet for arrangementet og konkret informasjon om ”kandidatane” sin rolle
- opplysningar om tid og stad
- eventuelle opplysningar om antrekk
- praktiske og mogelege økonomiske forhold
- svarfrist og svarskjema

Sjølve statsborgarseremonien skal gå føre seg på norsk. Det er fleire grunnar til dette. Forslaget til statsborgarlov og norsk innvandringspolitikk har gjort gjennomgang av norskundervisning til eit krav for norsk statsborgarskap og seremonien bør avspegle at i norsk statsborgarskap ligg det også ei forventning om å gå inn i eit norsk språkfelleskap.

Når det gjeld invitasjonane til seremonien vil ikkje omsynet til språket si preging av seremonien på same måten vere relevant. Her meiner vi at hovudmålsetninga må vere at flest mogeleg kandidatar får eit klårt bilete av kva seremonien dreier seg om, kjenner seg velkomne og kjem. I forhold til denne målsetninga meiner vi at invitasjonane også bør skrivast på ”kandidatane” sitt morsmål. Eventuelt kan det lagast eit standard informasjonsbrev om seremonien som departementet syter for å få oversett til dei viktigaste ”immigrasjonsspråka”. Denne informasjonen kan då leggest ved eit lokalt utforma invitasjonsbrev på norsk. Vi ser det slik at informasjonen om seremonien kan ha ein kompleksitet som overstig kandidatane sin norskkompetanse, trass norskkurs.

Når det ligg føre svar frå dei som har fått invitasjonen og ein har fått oversikt over kven som kjem, må nasjonaldagsarrangørane i bustadkommunane få informasjon om kven frå kommunen som vil delta i seremonien (som grunnlag for særlege invitasjonar til 17.maifeiringa).

Seremonien er både eit tiltak for å svare på eit uttrykt sakn frå nye statsborgarar som opplever at noko har mangla, men den er også meint som eit positivt tiltak som kan bidra til integrering. Derfor vil det vere eit mål at mange skal delta i seremonien og at den blir ein positiv ny norsk merkedag. Det er viktig i invitasjonsfasen at ein både gjennom utforminga av materiellet som blir sendt ut og i media kan skape positiv merksemd og bygge opp forventningar til seremonidagen. Dette kjem vi nærare tilbake til i sluttkapittelet.

## 7. Innleiingsfasen: (deltakarane kjem, venting og førebuing)

Innleiingsfasen er fasen når deltakarane kjem og førebur seg og ventar på den ritualiserte delen av seremonien. Ved ein seremoni forventar ein at deltakarane møter fram i god tid i førevegen. Innleiingsfasane er viktig i forhold til opplevinga av heile seremonien. Mange av deltakarane vil vere spente og usikre på kva som skal skje. Skal seremonien formidle eit høgtidleg velkomst og eit integrasjonsbødske, blir føresetnadane for dette lagt i det første møte dei nye statsborgarane får med arrangøren og arrangementstaden.

Hovudpersonane bør oppleve seg velkomne, få nødvendig informasjon om kva som skal skje og kva dei skal gjere og ha ei hyggeleg ventetid. Sagt med andre ord skal seremonien både ivareta *velkomstfunksjonar*, *informasjonsfunksjonar* og *fellesskapsfunksjonar* i ventefasen.

Når det gjeld informasjonsfunksjonen bør den praktiske rettleiinga innehalde eit obligatorisk punkt om kva ein gjer ved lovnadshandlinga og gåveoverrekkinga. Her må det seiast at handhelsing ikkje er naudsynt og kan erstattast med eit td eit nikk, sjølv om andre kandidatlar vel det første. Innanfor nokre etniske grupper er det ikkje naturleg at kvinner og menn som er framande for kvarandre, handhelsar. Skal handhelsinga vere ein del av ritualet, tilrår vi at det alltid er ei kvinne som gjev gåve til kvinnelege kandidatlar, og ein mann som gjer det til manlege kandidatlar.

Viktige arbeidsoppgåver i samband med innleiingsfasen vel vere:

- personleg velkomst og registrering
- utdeling av program og nødvendige informasjonar om plass i salen osv
- praktisk tilrettelagt og pynta lokale for venting
- eventuell taffelmusikk
- lett servering/drikke

I forhold til desse arbeidsoppgåvene kan det vere behov for eit relativt stort ”vertskap” for at kandidatane med familie skal kjenne seg personleg ivaretatt. Til slike vertskapsfunksjonar i innleiingsfasen (og etterfasen) kan det vere aktuelt å samarbeide med friviljuge organisasjonar som ser integrasjonsarbeid som ei av sine oppgåver.



## **8. Ritualisert fase (sjølve seremonien)**

### **8.1 Generelle omsyn**

Ein overgangsrite har ein emosjonell dynamikk som er bygd opp rundt sjølve den rituelle handlinga (her løfte- og tildelinga av symbolske uttrykk for den nye statusen). Forut for den seremonielle handlinga skal ein kunnskapsmessig og emosjonelt førebuaast på det som skal skje og etterpå skal den nye statusen markerast/bekreftast/feirast. Det er også viktig at ein seremoni har ein tydeleg start og slutt.

### **8.2 Aktørgruppene sitt inntog og plassering i lokalet**

Kandidatane har reserverte plasser fremst i rommet, enten saman med pårørande eller med pårørande på radene bak. Når forsamlinga er på plass kjem seremonipersonalet inn (eller går fram) til sine plassar.

### **8.3 Velkomst til seremonien. Informasjon om seremonien**

Ein av det seremonielle personalet ønskjer velkomen og orienterer kort om programmet/seremonien.

### **8.4 Tale**

Ein seremonielle aktør (eller ein innbydd talar) held ein kort tale. Aktuelle tema:

- om å skifte statsborgarskap og kjensler rundt dette
- migrasjon (utvandring og innvandring) som ei viktig side ved det norske samfunnet
- plikter og rettar ved å bli norsk statsborgar med særleg vekt på stemmerett og politisk deltaking
- dersom seremonien skjer i samband med nasjonaldagen, kan det vere naturleg å ta opp feiringa av Grunnlova og utviklinga av norsk demokrati

Ettersom statsborgarseremoni er ein ny seremoni i norsk samanheng, manglar ein her ein taletradisjon å bygge på. Derfor er det truleg viktig med klåre rammer for denne talen både når det gjeld omfang og innhald for at ikkje denne delen av seremonien skal "flyte ut". Ein kan også vurdere om ein i staden for tale skal ha ein ferdig introduksjonstekst til sjølve lovnadshandlinga (som ein parallell til liturgiske tekstar brukt under religiøse seremoniar). Det er også mogeleg å tenke seg kombinasjonar av faste tekster med personlege tillegg.

### **8.5 Gjennomføring av lovnadsritualet. Utdeling av statsborgarbevis og andre symbol og materiell**

Sjølve lovnaden kan skje på ulike måtar avhengig av lengda på lovnadsteksten, talet på kandidatar osv. (Som tidlegare nemnt er denne rapporten skriven utan at vi er kjent med den konkrete utforminga av lovnadsteksten).

Mogelege alternativ for utforming av sjølve lovnadshandlinga kan vere:

- kandidaten seier fram lovnaden
- kandidaten gjentar lovnaden etter seremonimeister
- seremonimeister les opp lovnadsteksten og kandidaten *sluttar seg til* ved til dømes å reise seg, seie ja, eller liknande-i ein overgangsseremoni er det også vanleg at kandidaten mottok *ulike typar av stadfestingar* som ei synleggjering av det som har skjedd og som ei påminning om innhaldet i dette (ved dåp i Den Norske Kyrkja får dåpsforeldra til dømes eit

dåpslys). Slike stadfestingar kan her vere ulike typar gåver som vi før har omtalt (som gåvebok, statsborgardiplom). Kandidatane og dei seremonielle aktørane er informerte om at ein ikkje treng utveksle handtrykk her. Kandidatar som likevel ønskjer det, kan gjere det.

Sjøelve lovnadsritualet vil for mange av kandidatane vere høgdepunktet i den statsborgarlege seremonien. Det vil også truleg vere den delen av seremonien som den norske offentlegheita vil vere mest opptekne av. Det er derfor viktig at denne er vel gjennomtenkt og fungerer (for lange lovnadstekster vil tildømes kunne gjere seremonien komplisert og langvarig).

Fleire omsyn vil her vere viktige:

- den kulturelle konteksten. I den norske majoritetskulturen vil det truleg vere ein skepsis mot lovnadstekstar prega av mykje patos og patriotisme
- kandidatars ønskje om individuelle markeringar må balanserast i forhold til behovet for å avgrense lengda på lovnadsritualet (for lange og mange lovnadshandlingar kan gå utover opplevinga av høgtid osv )
- tildeling av ”stadfestingar” kan lausrivas frå sjøelve lovnads-seremonien (for at seremonien ikkje skal bli for lang), men dette kan ha ”omkostningar”. Kandidatane kan få gåvebok mm til slutt i arrangementet, men dette kan svekke gåvene sin symbolske verdi og funksjon som stadfestingar av lovnadshandlinga.

### **Konkret forslag:**

1. Seremonimeisteren ber alle kandidatane ta plass på podiet/scena
2. Seremonimeister les opp lovnadsteksten. Deretter (f.eks.): ”Nå vil eg be dei nye statsborgarane om å kome fram, gje sin lovnad og ta i ei velkomstgåve frå den norske stat”
3. Les opp namnet til kandidatane (Her er det viktig at ein har sjekka på førehand at kandidaten er frammøtt og uttalen på namnet. Opplesing av mange namn som ikkje er frammøtt, - eller med ein uttale som frammøtte ikkje kjenner igjen, kan ”punktere” opplevinga av ein seremoni).
4. Kandidatane kjem fram, gjev truskapslovnaden og mottok eit ”lovnadsbevis” frå seremonimeisteren
5. Deretter gåvene (bok med meir) frå seremonipersonell
6. Kandidatane går tilbake til sine pårørande eller blir eventuelt ståande på scene for å ta i mot forsamlingas ”velkomstklapp”.

### **8.6 Helsingar/gratulasjonar**

Offisiell representant (eventuelt ”kaste-glans-over-person”, jf. kap.11) kjem med ei helsing der ho/han gratulerer kandidatane. For å tydeleggjere seremonien sin fleirkulturelle profil kan det dette gjerne vere ein person med minoritetsbakgrunn som har opplevd skifte av statsborgarskap.

### **8.7 Kunstnariske innslag**

Vi foreslår at ein også her vektlegg den fleirkulturelle dimensjonen ved å bruke kunstnariske innslag (musikk, dans) som symboliserer ein ”norskdom” med multietnisk profil. Det kan f.eks. vere norsk tradisjonsmusikk spelt med arrangement og instrument frå andre musikk-kulturar av musikkgruppe med musikarar med både majoritets- og minoritetsbakgrunn. Slikt



fleirkulturelt musikalsk samarbeid fins det mykje av og innslaget kan bygge på ei levande tradisjonsutvikling som ikkje treng verke konstruert. Slike kulturinnslag er brukt i svenske medborgarseremoniar (for eksempel "Värmland du sköna" i fleirkulturell versjon)(Ulfstrand 2003: 18). Denne sjangeren vart også brukt med stort hell under Groruddalen si markering av unionsjubileet i 2005.<sup>2</sup>

### **8.8 Prisutdeling av "inkluderingspris"**

I Sverige innstifta ein i 1998 den sokalla Nelson Mandela-prisen som blir utdelt kvart år 6.juni på dagen for medborgarskap. Prisen går til personar som gjennom året har vist ein særleg innsats for å skape integrasjon (Ulfstrand 2003:18).

Vi meiner at ein i samband med etablering av ein norsk statsborgarseremoni bør vurdere å innføre ein liknande pris (utdelt på nasjonalt nivå eller fylkesnivå). Ein slik pris vil i seg sjølv kunne vere ein inspirasjon for å skape eit meir integrert samfunn, den vil vere med å understreke ein viktig del av seremonien sin budskap og den vil kunne bidra til å skape positiv merksemd rundt seremonien.

### **8.9 Nasjonalsong**

Vi har tidlegare grunngjeve at seremonien bør kunne ta i bruk offisielle nasjonalstatlege symbol, som tildømes nasjonalsong. Dette er vanleg i mange statsborgarseremoniar og blir også brukt under medborgarseremonien i Stockholm (sjølv om Sverige elles er kjent for ei restriktiv haldning til bruk av nasjonale symbol). Vi foreslår at seremonien blir avslutta med avsynging av første og siste vers av "Ja, vi elsker". Den norske nasjonalsongen er ein del av ein nasjonalstatleg grammatikk og ut frå det eit forståeleg og emosjonelt verksamt symbol (kandidatane sine emosjonelle reaksjonar vil truleg primært vere avhengige av assosiasjonar til eigen nasjonalsong). Ein annan grunn til å bruke "Ja, vi elsker" er at det er ein del av ein kulturell fellesskapskode. Budskapet skal vere at å dele denne koden ikkje føreset etnisk norsk identitet.

### **8.10 Avslutning**

Eit ritual må ha ein tydeleg start og slutt. Avslutninga må også vere ein invitasjon til etterarrangementet (og eventuelle arrangement seinare).

### **8.11 Varigheit**

Timing er viktig. Ein seremoni sin høgtidlege karakter kan bli spolert dersom innslaga blir for lange og repeterande. Innleiingsfasen og etterfasen er også viktige og derfor må ikkje den rituelle fasen bli for lang (f.eks. 30-40 min). Det er viktig med god tidsplanlegging og at aktørane respekter tidsrammer.

---

<sup>2</sup> "Det mest eksotiske innslaget på Linderud gård i forbindelse med unionsmarkeringen stod Tamitini Sivalingan for. Med bakgrunn fra Sri Lanka danset hun til "Mellom bakkar og berg" med tamilsk toneart. Det ble for lokalavisens utsendte ett av de store høgdepunkter i løp av helgen. I tillegg fremførte Vasuky Jaypalan, Vidar Løvstad og Sven Bergh en tamilsk versjon av "Hvem kan segla forutan vind" som det svingte noe aldeles forykende av" (Akers Avis Groruddalen 1.6.2005).



## 9. Etterfasen

Etter at den rituelle og høgtidlege delen av seremonien er over bør det vere eit meir eit meir uformelt arrangement for kandidatane og deira pårørande. Seremoni-personalet bør også delta, men no på ein meir uformell måte. Arrangementet skal bekrefte og feire ny status og vere ei synleggjering av integrasjon. Dette er tida for gratulasjonar, fotografering og eit festmåltid. Festmenyen må ta omsyn til det etniske mangfaldet og kostnormer blant kandidatane og ikkje innehalde rettar som nokon kjenner seg utrygge på om dei kan ete. Det kan vere ei spennande utfordring å tenkje på menyen ut frå perspektivet ny norsk mat i møte mellom det tradisjonelle norske og det internasjonale kjøkkenet.

For å formidle ein velkomst- og integrasjonsbodskap er vertskapsfunksjonen viktig (jmfør kap 7 og ideen om samarbeid med frivillige). Arrangementet kan gå føre seg i eit tilstøytande rom, lokalar like ved, eller ute om veret tillet det.

## 10. Tilknytte seinare ritual og arrangement.

Noko av bakgrunnen for ønskje om seremoni har vore behovet for at ein viktig overgang i livet for ein person blir synleggjort og markert innanfor det fellesskapet vedkomande lever. Seremonien med dei ulike fasen tek vare på noko av dette i forhold til det nære fellesskapet. Men det er også behov for å markere overgangen i forhold til dei vidare sosiale fellesskap som kandidaten er ein del av (som lokalsamfunn og nasjon). Dette er bakgrunnen for at vi foreslår at det som skjer i statsborgar seremonien blir vidareført gjennom eit større samfunnsritual (nasjonaldagsfeiring) der nye statsborgarar blir særleg framheva i dette ritualet gjennom tildeling av særlege posisjonar roller. Vi har valt å legge statsborgarseremonien i forkant av nasjonaldagsfeiringa og foreslår at alle som deltek seremonien får ein særleg invitasjon til deltaking i nasjonaldagsfeiring i bustadkommunen.

Det er fleire grunnar til at vi har valt dette tidspunktet og denne koplinga:

- mai kan vere ei fin tid på året for ute-arrangement og ei tid då Noreg er i "festmodus"
- 17.mai- feiringa har massiv oppslutning og høg legitimitet. Koplinga av statsborgarseremonien til nasjonaldagen opnar for at kandidaten kan integrerast i eit samfunnsritual som set ein individuell rolleovergang inn i ein samfunnsmessig kontekst
- 17.mai-ritualet har forankring i ein statsborgarleg/politisk forståing av nasjonal identitet og står i ein liberal tradisjon. Tilknytinga til 17.mai kan dermed både få fram verdiar i ein klassisk (liberal) statsborgarskapforståing, samstundes som seremonien blir knytte til ein særmerkt norsk tradisjon
- den norske nasjonaldagen har fått ein fleirkulturell profil og koplinga av statsborgarseremonien til denne dagen kan styrke denne profilen
- kan gje den norske statsborgar-seremonien (om det blir vellukka) større legitimitet og kulturell forankring

Når det gjeld innhaldet i den spesielle invitasjonen som går frå bustadkommunen til dei nye statsborgarane kan ein tenkje seg ulike alternativ, til dømes:

- spesielle reserverte plasser under arrangement (f.eks. i Oslo indre sone på Slottsplassen)
- spesiell posisjon i tog/parade
- spesielle mottakingar

Vi vil legge til at ein slik invitasjon ikkje bør formulerast slik at det vert oppfatta som uhøfleg eller mangel på takksemd å takke nei eller ikkje kome. Spesielt den første gongen statsborgarseremonien vert avvikla, vil nok mange kunne kjenne seg usikre på denne koplinga og den offentlege eksponeringa på 17.mai.

## 11. Aktørar og roller

### 11.1 Viktige omsyn

Ein seremoni er eit samspel mellom aktørar i ulike roller. Til desse rollene ligg det ulike forventningar eller "rollehefte". Korleis ein aktør fyller rollen vil mellom anna vere avhengig av den forståinga og dei kjenslene han/ho har i forhold til rollen og seremonien. Dette kjem til uttrykk både gjennom "kostymer" (klesdrakt, uniformer ol) kroppsspråk og ord og handlingar. For ein seremoniarrangør er det viktig å tenkje igjennom kva budskap ein ønskjer å formidle gjennom seremonien og korleis dette skal nå fram til hovudpersonen i seremonien: dei nye statsborgarane med deira emosjonelle og kulturelle utgangspunkt. I ein seremoni vil visuelle inntrykk formidla gjennom kroppsspråk, klesdrakt osv ofte ha stor emosjonell effekt og kunne "overdøye" eller undergrave dei budskap som blir formidla gjennom ord (Uformell klesdrakt og veremåte kan tildømes opplevast som ei undergraving av budskapen om at dette er ei høgtidleg handling). Når ein skal "setje i scene" ein statsborgarseremoni bør arrangøren tenkje i gjennom dei ulike aktørgruppene sine utgangspunkt både når det gjeld "*førforståing*" av og *haldningar til seremonien, bruk av symbol* (tildømes klesdrakt) og kva *handlingar* som skal inngå i dei ulike rollene. Vi skal i det følgjande drøfte desse elementa i forhold til ulike aktørgrupper i seremonien.

### 11.2 Kandidaten

For dei fleste vil skifte av statsborgarskap vere slutten på ein langvarig prosess og eit stort og viktig steg. Det er ein overgang som det kan knyte seg sterke og blanda kjensler til. Dette vil ikkje minst gjelde i forhold til overgang til norsk statsborgarskap som ikkje tillet dobbelt statsborgarskap og dermed inneber at ein må "ta farvel" med sitt tidlegare statsborgarskap. Elles er det viktig å ta omsyn til at kandidatane har ulik bakgrunn når det gjeld etnisitet, kultur og livshistorie som også får konsekvensar for forventningar til og opplevinga av seremonien. Det er uheldig om utformina av seremonien blir så prega av nokre av kandidatane sine kulturelle og emosjonelle utgangspunkt at det blir vanskeleg for andre å identifisere seg med det som skjer.

Idealet må vere at alle kandidatane gjennom seremonien kan få uttrykk for:

- høgtid
- glede og sakn
- eit personleg val
- at ønskje om deltaking integrasjon i norske samfunn, ikkje betyr å miste kontakten med "opprinnelseskultur"

Når det gjeld *symbolbruk* vil det vere eit spørsmål om ein i invitasjonen skal tilrå bestemte antrekk. Her kan ulike omsyn gjere seg gjeldane. I moderne vestlege samfunn, og ikkje minst i norsk kultur, er det ofte ein uvilje mot å normere antrekk fordi fridom og uformalitet på dette området blir forbunde med å vere open og venleg. I nokre samanhengar kan anbefalt antrekk i ein invitasjon også oppfattast som ei nedvurdering og fornærming av gjesten sine egne vurderingar (til dømes anbefaling av "pent antrekk" i forhold til eit bryllaup). Det kan også vere eit problem at invitasjonen skal gå ut til ei etnisk samansett gruppe med ulike kulturar når det gjeld klesdrakt.

Når det gjeld faktorar som talar for ein normering vil det for det første vere slik at nokon vil oppleve det som trygt i forhold til ein type arrangement ein ikkje har delteke i før å få ei

tilråding om antrekk. Det vil også vere slik at forsamlinga sitt antrekk vil prege opplevinga av seremonien (ei ”pynta” forsamling er høgtidsskapande). Gjennom antrekk kan ein også få fram sider ved seremonien sin bodskap ein ønskjer vektlagt. Ei oppmoding om å kome i festklede frå sitt ”opphavsland” vil tildømes vere med å gje seremonien eit fleirkulturelt uttrykk. Vi meiner likevel at dette må vere eit individuelt val.

Når det gjeld kandidaten sine *handlingar* har vi omtalt dette i vårt konkrete forslag til seremoni. Her vil vi berre understreke at eit overgangsritual i stor grad dreier seg om å finne eit kroppsleggjort uttrykk for ei kjenslemessig oppleving. Det betyr at det blir viktig at seremonien tilbyr kandidaten handlingar og ikkje berre ord.

### **11.3 Pårørande**

Pårørande som familie og vener er viktige som medopplevarar og som personar som kan stadfeste ei endring i rolla (statsborgarskap). Det er derfor viktig at desse kjenner seg inkluderte i invitasjonen og at deira plass er tenkt inn i utforminga av arrangementet.

### **11.4 Seremonimeisteren og seremonielle støttespelarar**

Seremonimeisteren og seremonielle støttespelarar (f.eks. i utdeling av gåver ol) har eit profesjonelt utgangspunkt for si deltaking og er dermed ikkje nødvendigvis personleg emosjonelt engasjert i det som skjer. Nokon kan tvert i mot ha eit kritisk eller ambivalent utgangspunkt i forhold til seremoniar av denne typen. I analysen av ein svensk medborgarseremoni er det eksempel på seremonielle aktørar som uttrykker denne skepsisen gjennom ein ironisk veremåte i framføringa av den svenske nasjonalsongen (Ulfstrand 2003:19). Ironi og kritikk i forhold til seremoniar og ritual er eit velkjend og akseptert fenomen i moderne samfunn. Men ein seremoniarrangør må ta omsyn seremonien sine intensjonar og kandidaten si oppleving og legg dette til grunn for handlingane. Ironisk gjennomførte seremoniar vil verke forvirrande og nedvurderande i forhold til hovudpersonane. Alle som har symbolske roller i seremonien bør derfor ha ei klesdrakt og ein veremåte som uttrykker høgtid/verdigheit i dei høgtidlege delane av seremonien.

### **11.5 ”Kaste-glans-over-aktørar”**

”Kaste-glans-over-aktørar” er personar som i kraft av sin særlege posisjon gjennom sitt nærvær kan bidra til å kaste glans over seremonien og kandidatane (til dømes kongelege personar, politikarar, offisielle representantar for statsadministrasjonen ol).. Slike aktørar kan vere viktige for å gje seremonien høgtid/verdigheit, særleg i etableringsfasen. Slike aktørar kan eventuelt tildelast ei aktiv rolle i seremonien, f.eks. gjennom helsing/gratulasjon til kandidatane.

Sidan statsborgarskap og målsetninga med seremonien i stor grad handlar om politiske rettar og invitasjon til ”medborgarskap” kan det tildømes vere naturleg å be ein stortingrepresentant frå fylket der seremonien blir arrangert, å helse på vegne av Stortinget og nasjonen.

### **11.6 Funksjonærar/tilretteleggarar**

Ut frå det vi har sagt om det samla symbolmiljøet for seremonien er det også viktig at funksjonærar og tilretteleggarar (for eksempel lydfolk, serveringspersonalet osv) ikkje trer fram som brot i det seremonielle preget (pynta eller diskret antrekk)

### **11.7 "Forgjengar –aktørar"**

Forgjengaraktørar er personar som deltek i kraft av å ha vore igjennom skifte av statsborgarskap før. Desse kan ha viktige funksjonar som "forløparar" og forbilde. Dei kan til dømes fortelje kva det har betydd å bli norsk statsborgar; problem, muligheiter og utfordringar.

### **11.8 Program-bidragstatarar (artistar, talarar osv)**

I den rituelle delen av seremonien har vi foreslått friare element (8.6 Helsingar gratulasjonar og 8.7 Kunstnarlege innslag). Val av aktørar og innhaldet i innslaga bidreg til å gje den einskilde seremonien individuelt særpreg innanfor ein felles ramme. I utforminga av desse oppdraga er det viktig at bidragstatarane får klar informasjon om kva rammer deira kreative arbeid skal skje innanfor (seremonien sin karakter og tidsramme for innslaget) slik at bidraget inngår i ein seremoniell heilskap.





## **12 Rekvisita og materiell**

### **12.1 Kriterium**

Når det gjeld val og utforming av materiell til bruk under seremonien bør ein mellom anna legge vekt på at det:

- symbolisere/minne om handlinga/overgangen
- symbolisere ny status/rolle
- har ein mogeleg nytteverdi/bruksverdi etter seremonien

Det er viktig at materialet har ei utføring som signaliserer høgtid/verdighet. Ein bør unngå materiell som har karakter av eingongsmateriell (f.eks. papirflagg, brosjyrar). Materiell må vere slik at det kan takast vare på å fungere som "minnegjenstander" for dei som er interessert i det (f.eks. "statsborgar-diplom" i format og utføring som kan settast i ramme/hengast på vegg). Ein bør unngå kommersielt preg (ved sponsa materiell må denne vere diskret). Informasjons/nyttefunksjonar må ikkje gå utover gåvepreget og symbolfunksjonen (gåvebok må ikkje berre bli ei faktabok om Noreg, men også kunne fungere som "coffe-table-book"). Statleg/nasjonalt materiell kan gjerne supplerast med regionalt/lokalt materiell og gåver, men med dei same krav til utforming og preg som skissert ovanfor.

### **12.2 Minnebilde frå seremonien**

Mange vil ønskje eit synleg minne frå seremonien. I tillegg til privat fotografering bør det vere ein fotograf som tek bilete av den "seremonielle handlinga". Digital fotografering og reproduksjonsteknikk gjer det enkelt å tilby desse bileta under etterarrangementet.

### **12.3 Minnebevis for statsborgarskap**

Ein bør vurdere å lage ein slags "statsborgar-diplom" (minnebevis med lovnadstekst med meir) i tillegg til den tidlegare formelle meldinga om tildeling av statsborgarskap.

### **12.4 Nasjonale symbol-rekvisita**

Aktuelle "symbolrekvisita" å gje dei nye statsborgarane kan vere:

- norsk flagg (bordflagg eller "17.mai-flagg")
- 17.mai-sløyfe
- jakkemerker, eller liknande

Tilknyttinga av seremonien til 17.mai-feiringa gjer at dette også er materiell som raskt kan takast i bruk for dei som ønskjer det.

### **12.5 Informasjonsmateriell**

I samanheng med innføringa av ein statsborgarseremoni blir det utarbeidd ei gåvebok til dei som deltek. Vi skal ikkje gå nærare inn på innhaldet i denne, men som før nemnt påpeike at ei slik bok i tillegg til ein praktisk nytteverdi og men også ein symbolverdi knytta til sjølve seremonien som ei velkomstgåve for nye statsborgarar. Den siste funksjonen stiller andre krav til utforminga av boka enn det reint informative.

### **12.6 Invitasjonar til seinare arrangement/ritual**

Ein del av materiellet er også personlege invitasjonar frå bustadkommunane til den komande nasjonaldagsfeiringa. Dette føreset at kommunane i god tid i førevegen har fått informasjon om kandidatar frå kommunen slik at ein har hatt tid til å utforme eit tilbod og ein invitasjon.

## **13. Oppsummering og avsluttande kommentar**

### **13.1 Oppdraget og forslaget**

#### **Oppdraget**

Oppdraget var å utforme forslag til statsborgarleg seremoni med ulike alternativ. Seremonien skal vere friviljug, men innehalde ein lovnad for dei som vil delta.

#### **Alternativa**

Vi har skissert tre modellar for ein statsborgarleg seremoni basert på ulike syn på statsborgarskap, innvandringspolitikk og målsetning for seremonien:

A-politisk/rettsleg modell

B-etnisk/monokulturell modell

C-politisk fleirkulturell modell

#### **Vurdering og val**

Vi har valt å utrede nærare ein sermoni basert på ein modell som kombinerer politiske og kulturelle dimensjonar i forståing av statsborgarskap (Alternativ C).

#### **Forslaget**

Vi har valt å utforme ein seremoni som:

- brukar offisielle norske nasjonalstatlege symbol
- kombinerer desse med fleirkulturell symbolikk
- plasserer seremonien i forkant av den norske nasjonaldagsfeiringa
- legg opp til at deltaking i 17.mai-feiringa i bustadkommunen inngår som ein lokal intergrasjonsrite i forlenginga av den regionale statsborgarseremonien

### **13.2 Utfordringar og problem ved innføring og gjennomføring av seremonien**

#### **Utfordringa**

Ein ting er ein seremoni på papiret. Noko anna er gjennomføringa i praksis:

- er forslaget slik at det let seg praktisk gjennomføre?
- vil ein slik seremoni bli populær og brukt av nye statsborgarar?
- vil den få støtte og legitimitet i det norske samfunnet?

Til slutt vil vi drøfte nokre av dei problem og utfordringar som vi meiner innføringa av ein slik seremoni vil møte. Før vi startar denne "problemdrøftinga" er det viktig for oss å presisere at vi har eit positivt syn på innføringa av seremonien og dei muligheiter som ligg i denne nye tradisjonen. Vi meiner den kan vere eit svar på behov som mange nye statsborgarar vil oppleve, mange andre land har innført liknande seremoniar og vi meiner den norske nasjonalstatstradisjonen inneheld verdiar som det er meningsfylt å kommunisere gjennom ein slik seremoni. Vi har også peikt på tilknytninga til 17.maifeiringa som i dei siste åra har fått eit meir multietnisk preg, som ein spennande mulighet. Samstundes er det viktig å vere klar over at det dreier seg om statleg innføring av ein nykonstruert norsk seremoni på eit kontroversielt politisk område og at ein må forvente kritikk og innvendingar. Vi vil skilje mellom ulike

grupperingar i det norske samfunn og peike på sannsynlege innvendingar. Vi vil også kommentere kva konsekvensar desse potensielle innvendingane bør få for innføringa av seremonien.

### **Sentrale aktørar**

Sentrale aktørar i forhold til seremonien sitt gjennomslag vil mellom andre vere:

- staten som initierer
- arrangørane av seremonien
- kommunale nasjonaldagsarrangørar
- nye statsborgarar
- etniske minoritetsgrupper
- majoritetsbefolkninga
- media

### **Sannsynlege motargument/problem**

- ein statsborgarseremoni er unødvendig, den betyr ikkje noko konkret
- negativ haldning til seremoniar generelt (kunstige, utan meining, spelar på kjensler i stadenfor å appellere til fornufta)
- ressursprioritering: heller bruke ressursar til noko konkret og nyttig
- redsle for patriotisme, nasjonalisme og assimileringsspolitikk (for eksempel i tilknytning til bruk av nasjonale symbol)
- ressursmangel for praktisk gjennomføring

### **Utfordringar i forhold til ulike aktørgrupper**

- *Staten som initierer*: Eventuell ambivalens og usemje kring innføring av seremoni kan smitte over på oppstart og gjennomføring
- *Seremoniarrangørane*: Fylkesmannen får pålagt seg ei ny oppgåve ein ikkje har vore med å utvikle. Dette kan skape både positive og negative reaksjonar. Negative reaksjonar kan vere forvirring og ambivalens før oppstart, og manglande entusiasme i gjennomføring. Positive reaksjonar kan vere opplevinga av dette som ei ny og spennande oppgåve for fylkesmannen å gripe fatt i.
- *Kommunale 17.mai-arrangørar* kan vere negative eller ambivalente til å få nye element og oppgåver inn i nasjonaldagsfeiringa. Men det kan også bli oppfatta som ei naturleg vidareføring i arbeidet for å skape ei meir fleirkulturell nasjonaldagsfeiring
- *Nye statsborgarar*. Dette er ein ny og ukjent seremoni i norsk samanheng og det er usikkert kor mange som vil bruke seremonien. Friviljug seremoni kombinert med obligatorisk løfte kan skape forvirring. At seremonien er friviljug gjev den også eit positivt utgangspunkt. Dei som deltek i seremonien må ein rekne med er positivt motivert.
- *Etniske minoritetsgrupper*. Høyringsrundene på forslaget om å innføre seremoni viste delte synspunkt i minoritetsgrupper i Norge. Det er vanskeleg på grunnlag av høyringsuttalesane å spå kor stor oppslutning seremonien vil få. Talspersonar i minoritetsgrupper vil ofte vere personar med høg utdanning som kan vere prega av ein utbreidd skepsis i intellektuelle miljø i forhold til seremoniar, ein skepsis som ikkje nødvendigvis er like utbreidd blant folk flest. Dessutan var reaksjonane basert på spørsmålet om det burde innførast ein seremoni og ikkje på eit konkret forslag om utforming av ein seremoni.

For å få vite meir om ”brukargruppene” sitt syn på utforminga av ein norsk statsborgarseremoni hadde det vore ønskjeleg med mange og grundige vurderingar av vårt forslag frå representantar frå minoritetsgrupper. Dette har vi ikkje hatt kapasitet til innanfor rammene av vårt prosjekt, men vi har gjennomført nokre informantintervju som vi skal kort kommentere:

### **Innvandrarpanelet**

Vi intervjuar tre personar med utanlandsk bakgrunn og som enten har fått, skal søke nå eller ser det som aktuelt i framtida å søke norsk statsborgarskap. Dei er frå Pakistan, Somalia og Chile og har sjølv born fødte i Norge.

To av dei intervjuar gav spontant positiv tilbakemelding på tanken om å innføre ein statsborgarseremoni. Den eine, mann 43 år, seier at ein slik seremoni både vil kunne bevisstgjere og styrke tilhøyrsla til det norske samfunnet. Den andre, mann 34 år, seier at han alltid har sakna innslag av markeringar i Norge. Han blir likevel noko usikker og reiser spørsmål om statsborgarskap likevel kan trekkjast tilbake. Det må ikkje vere nokon tvil om at dette er ein irreversibel prosess, heller ikkje frå staten si side.

Den eine informanten, kvinne 33 år, er i byrjinga reservert til ideen. Ho synest det høyrst ”voldsomt” ut og trur ikkje at ho ville ha delteke sjølv. Undervegs i samtalen, når fleire av detaljane i opplegget kjem fram, opnar ho i større grad for at dette kan vere noko også for henne. Det må vere ei høgtideleg og flott oppleving, meiner ho.

Ingen har kritiske merknader til innhaldet i seremonien, heller ikkje innslaga av norske symbol og symbolhandlingar, som til dømes flagg, synging av nasjonalsong og 17.mai-invitasjon. Dei var alle vande med å delta i 17.mai-feiringa og hadde nytta norsk flagg då. Reaksjonane på tankane våre om å la kunstnarlege innslag og matserveringa avspegla at norske tradisjonar møter utanlandske påverknader, varierte frå full tilslutning til ei understreking av at dette godt kunne vere basert på ”norsk tradisjon”. Det var visse unntak, og det gjaldt omsyn til religiøse matreglar knytt til kjøtt (svinekjøtt) og etniske ”bluferdighetstradisjonar” som gjer at ein bør unngå å gjere handhelsing mellom kvinne og mann obligatorisk.

Informantane la sjølve vekt på den dobbelte funksjonen seremonien kunne ha som individuell refleksjon og bevisstgjerung og som ei erklæring til majoritetsbefolkninga om eiga tilknytning, også sosialt og identitetsmessig.

Dei er alle noko avventande i høve til kor stor oppslutnad dei trur arrangementet vil få. Korleis det vert informert om dette, respons i media og ”jungeltelegrafan” vil spele inn. Ein seier at det nett no, i ei tid med debatt kring Muhammed-karikaturar, kunne vere lurt å utsetje dette.

To av informantane meinte nok at innhaldet i og grunngjevinga for seremonien kunne vere noko vanskeleg å formidle til busette utlendingar, då det er komplekst. Ein meinte at informasjon på førehand burde oversetjast til dei mest utbreidde innvandrarspråka. Alle var samde i at sjølve seremonien, inkludert lovnaden, skulle vere på norsk.

Sjølv om det hadde vore ønskjeleg med eit mykje breiare reaksjonsgrunnlag frå minoritetsgrupper på vårt seremoniforslag, må det samstundes seiast at eit slik materiale vil vere ein reaksjon på ”kokeboka” og ikkje på korleis seremonien ”smakar” i praksis. Den reelle vurderinga vil vere gjennom dei første kandidatane si oppleving av seremonien. Sidan ”ryktebørsen” truleg er det viktigaste grunnlag for vidare oppslutning om seremonien vil deira vurderingar vere svært viktige.

### **Majoritetsbefolkninga**

Surveydata vi har referert til viser delte haldningar i majoritetsbefolkninga. For den vidare utviklinga av desse haldningane kan det vere avgjerande korleis koplinga til 17.mai blir oppfatta og fungerer. Kan, om den blir vellukka, gje seremonien ein viktig plass i det norske seremonielle året

### **Media**

stiller seg ofte skeptisk til tiltak som kan oppfattast som ”symbolpolitikk”. Seremoniar kan lett bli kopla til patriotisme, nasjonalisme og assimilering. For medias haldningar vil det vere viktig korleis minoritetsgrupper frå starten oppfattar og brukar seremonien. Her vil det fort kunne utvikle seg gode og vonde sirkular. Positiv mediadekning vil vere viktig for etablering og utvikling av seremonien, negativ omtale vil kunne gje seremonien eit omdømme som svekkar rekruttering og ytterlegare svekkar legitimiteten.

## **13.3 Strategisk omsyn ved innføring av seremonien**

Til slutt vil vi peike på nokre strategiske omsyn som er viktige ved innføringa av seremonien:

- Erfaringar frå oppstartsåret truleg avgjerande for seremonien sin vidare skjebne. Derfor er det viktig med målmedveten satsing frå starten av.
- Den statlege annonseringa og introduseringa av seremonien må vere prega av entusiasme kombinert med ei open haldning. Ein seremoni blir ikkje vellukka om den blir gjennomført på ein ambivalent eller halvvegs måte. Dersom ein ikkje har tru på ideen og at ein kan gjennomføre den, bør reforma utsettast eller avlyst. Ein mislykka statsborgarseremoni er verre enn ingen seremoni.
- Fylkesnivået må få informasjon og ressursar og ideologisk støtte til å kunne gjennomføre dei første seremoniane på ein fullverdig måte.
- Staten bør spele på regional og lokal kreativitet og gje merksemd til nye gode idear og erfaringar i tilknytning til seremonien.
- Ein seremoni kan ikkje berre konstruerast på papiret, den må prøvast ut og utviklast gjennom praksis. Ut frå dette blir det viktig at ein statsborgarseremoni kan utviklast gjennom prøving og erfaring i samspel mellom staten som seremoniarrangør og dei nye statsborgarane som er hovudpersonane i ritualet. Deira opplevingar må vere sentrale premiss for den vidare utforminga av seremonien. Det bør lagast eit system for innsamling og vurdering av erfaring frå det første året med sikte på justering og vidare utvikling av seremonien (heimeside, rapportering, dokumentasjon og evaluering).

## LITTERATUR

Angell, Svein Ivar (1999): "Nasjonale symbol innanfor den nasjonalstatlege diskursen i Skandinavia", i Krister Ståhlberg (red.): *Norden och Europa: Språk, kultur og identitet*. Forskningsprogrammet Norden og Europa, Nord 1999:10. København: Nordisk Ministerråd.

Brottveit, Ånund (2001): "Innvandrerens forhold til majoritetens symboler og ritualer", i *Folkligt samarbeide og mångkulturalitet*. Forskningsprogrammet Norden og Europa. Nord 2001:29. København: Nordisk Ministerråd.

Brottveit, Å., B.M.Hovland og O. Agedal (2004): *Slik blir nordmenn norske. Bruk av nasjonale symbol i eit fleirkulturelt samfunn*. Oslo: Unipax

Habermas, Jürgen (1994): "Struggles for Recognition in the Democratic Constitutional State". I Guttman, Amy (ed): *Multiculturalism*. New Jersey: Princeton.

Hovland, Brit Marie og Olaf Agedal (red.) (2001): *Nasjonaldagsfeiring i fleirkulturelle demokrati*. Forskningsprogrammet Norden og Europa, Nord 4. København: Nordisk Ministerråd.

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet.(2006): *Integreringsbarometeret 2005- om befolkningens holdninger til integrerings- og mangfoldsspørsmål*. IMDI rapport 2/2006.

Kristoffersen, Anne Schanche (2000): "17. mai i det flerkulturelle Norge", hovedfagsoppgave i sosiologi. Oslo: Universitetet i Oslo.

Lorentzen, Håkon (2004): *Fellesskapets fundament. Sivilsamfunnet og individualismen*. Oslo: Pax Forlag

Løfgren, Orvar (1993): "The Cultural Grammar of Nation-Building. The Nationalization of Nationalism. I P.J. Anttonen & Reimund Kvideland (ed): *Nordic Frontiers. Recent Issues in the Study of Modern traditional Culture in the Nordic Countries*. Turku: Nordic Institute of Folklore.

Marshall, T.H. (1981): "Value problems of Welfare Capitalism". *The Right to Welfare and other Essays*. New York: Free Press.

Storsveen, O. A.(2004): "Nasjonal identitet i Norge og Danmark". I *Nytt Norsk Tidsskrift* 3-4. Oslo: Universitetsforlaget

Turner, Victor (1969): *The Ritual Process. Structure and Anti-Structure*. New York: Cornell University Press.

Ulfstrand, A. (2003): *Välkommen som medborgare i Sverige! En studie av medborgarskaps-seremonin i Stockholm stadshus*. Stockholm: Uppsats for magisterkurs 2003. Etnologiska Institutionen, Stockholm Universitet.

Østerud, Øyvind (1994): *Hva er nasjonalisme?* Oslo: Universitetsforlaget.

Aagedal, Olaf (2003): *Nasjonal symbolmakt*. Makt- og demokratiutredningen. Rapport nr 55.  
Oslo: Unipub forlag